

Saksbehandlar: Ranveig Heide Jørgensen
Tlf.: +47 55587572

Vår dato: 05.09.2011
Dykkar dato:

Vår ref. 2008/4439 - 0
Dykkar ref.:

Dei inviterte

Korleis styrkja praktiske og estetiske (kunstfag) i barnehage, skule, kulturskule og høgare utdanning. Samspel 2011.

Konferanse 20.10.11 på Høgskolen i Bergen, Aulaen ved Avdeling for lærarutdanning, Landås, kl 1000 – 1530. Invitasjon og program

Vi viser til tidlegare invitasjon 20.06.11 og orientering (jf vedlegg). Konferansen 2011 har ei tredelt målsetjing, og vil 20.10.11 leggja vekt på dei estetiske faga (kunstfaga), særleg musikk, og ha fokus på skule og høgare utdanning. I 2012 vil kulturskulen stå sentralt.

- Status 2011 for dei estetiske (kunstfaga) faga i skule og høgare utdanning.
- Korleis styrkja desse faga?
- Føringar for konferansane i 2012 og 2013.

Program for konferansen 2011, 20. oktober kl 1000-1530 på Høgskolen i Bergen:

1. Organisering

Innlegg, panel og plenum

2. Program

- Kunstnarisk innslag
- Vel møtt v/rektor Ole-Gunnar Søgnen, HiB
- 1015 Opningsforedrag v/ statsråd Tora Aasland, Kunnskapsdepartementet
- 1100 Status og innspel til korleis styrkja dei estetiske faga v/professor Magne Espeland, Høgskolen Stord/Haugesund
- 1145 Lunsj
- 1230 Kvifor treng samfunnet at dei estetiske faga vert styrkte v/fylkeskultursjef Anna Elisa Tryti, Hordaland fylkeskommune
- 1245 Kva burde vi vita om kva musikk skal vera godt for v/professor Brynjulf Stige, UiB
- 1315 Kva har kunstformidlinga å seia for den estetiske danninga til barn v/kulturbyråd- en i Bergen kommune


- 1345 Når kunstfag verkar. Om resultat frå det europeiske forskingsprosjektet DICE v/professor Stig A. Eriksson og førsteamanuensis Kari Mjåland Heggstad, HiB
- 1415 Musikkfagets plass i ungdomsskulen sett frå ståstadens til musikklæraren v/stipendiat Silje Valde Onsrud, HiB


Det vert høve til spørsmål og synspunkt til kvart av innlegga, ikkje minst frå Norsk kulturskoleråd-Hordaland, professor Aslaug Nyrnes, HiB, rådmann Tone Tveito Eidnes, Ullensvang herad, og eventuelt frå Kulturdepartementet og andre. Desse vil sitja i eit panel.


3. **Oppsummering** v/utdanningsdirektør Kjellbjørg Lunde, Fylkesmannen i Hordaland
Vi vil elles dokumentera heile konferansen i eit eige notat, som senterleiar Eiliv Olsen ved Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon har ansvaret for.
Konferansedeltakarane vil få notatet pr. e-post.
4. **Avslutning** v/prorektor Bjørg Kristin Selvik, HiB

Frist for påmelding 10.10.11 til Ranveig Heide Jørgensen, rhj@hib.no, tlf. 55 58 75 72.

Med helsing


Ole Gunnar Søgnen
rektor


Audun Rivedal
høgskoledirektør



HØGSKOLEN I BERGEN

Saksbehandlar: Nils Mæhle
Tlf.: +47 55587101

Vår dato: 20.06.2011
Dykkar dato:

Vår ref. 2008/4439 - 0
Dykkar ref.:

Statsråd Tora Aasland
Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Korleis styrkja praktiske og estetiske fag i skule og høgare utdanning. Samspel 2011, 20. oktober på Høgskolen i Bergen

Vi viser til kontakt, og vil gjerne invitera deg til denne konferansen 20. oktober kl 1000-1500 ved Høgskolen i Bergen.

Mykje tyder på at dei praktiske og estetiske faga er på vikande front i skule og høgare utdanning. Dette spørsmålet vart i brev 13.09.2010 frå rektorane ved Stord/Haugesund, Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskulen i Volda teke opp med dei to statsrådane i Kunnskapsdepartementet. Vi viser også til utgreiinga om "Praktiske og estetiske fag og lærerutdanning" (arbeidsgruppe sett ned av KD hausten 2010). Vidare viser vi til brev 23.04.09 frå Fylkesmannen i Hordaland om "Kompetanseutvikling for lærarar og andre som arbeider med den kulturelle skulesekken", og til svar 29.06.09 frå kunnskapsministeren.

Vi har med glede merka oss at departementet følgjer opp på ulike måtar. No ynskjer samarbeidspartar i Hordaland å arbeida vidare med saka regionalt, og vonar opplegget vårt kan ha nasjonal interesse. Den konkrete planlegginga har vore gjennomført av Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland. Vi ynskjer også å ha med Universitetet i Bergen, Bergen kommune og Norsk kulturskoleråd.

Vi har kome fram til eit tre-årig perspektiv på samarbeidet, med følgjande overskrifter:

2011 Nasjonalt og regionalt politisk nivå og forvaltningsnivå

2012 Regionalt, nasjonalt og internasjonalt aktørnivå

2013 Regionalt brukarnivå, prosjekt, og internasjonalt samarbeidsnivå

Vi har slik overordna målsetjing mm for opplegget vårt:

Har vi ein skule som i større grad enn før marginaliserer kulturelle og estetiske læreprosessar og læringsstrategiar? Har vi ein skule og eit kunst- og kulturliv som spelar på lag? Konferansen (SAMSPEL2011) er eit samarbeid mellom Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i

Hordaland, Bergen kommune, Universitetet i Bergen og Kulturskolerådet. Andre samarbeidspartar kan koma med.

Gjennom etableringa av dette samarbeidsprosjektet ynskjer vi å retta merksemda mot situasjonen for estetiske fag på ulike nivå i skulen (barnehage/førskule, grunnskule, og vidaregående opplæring) og i lærarutdanninga. Siktemålet er eit tettare samspel mellom ulike forvaltnings- og utdanningsinstitusjonar med sikte på betre å kunna utvikla Vestlandsregionen som ein utdanningsregion der estetikk, kunst og kultur pregar opplæring og utdanning på ulike nivå og i ulike sammenhengar.

SAMSPEL 2011 er den første av tre planlagde årlege konferansar. Bidragsytarar og målgruppe for den første konferansen er henta frå øvste politiske nivå, frå aktuelle forskingsmiljø og frå kunst- og kulturlivet.

Konferansen 20. oktober er tenkt som ein spissa runde bordkonferanse med inviterte deltakrar. Hovudfokus vil vera korleis vi kan styrkja dei estetiske faga i skule og lærarutdanning. Samtidig vil konferansen leggja føringar for innhaldet i konferansane 2012 og 2013.

Vi planlegg med slike innleiarar på konferansen 2011:

- Statsråd frå Kunnskapsdepartementet og frå politisk leiing i Kulturdepartementet
- Universitets- og høgskulesektoren
- Fylkeskommunen og Fylkesmannen
- Lærarutdanninga
- Kommunesektoren
- Kulturfeltet

Vi viser til dette, og vonar statsråden har høve til å delta. Politisk leiing i Kulturdepartementet vil også verta invitert.

Med helsing
på vegner av samarbeidsprosjektet

Eli Bergsvik
rektor

Kopi: Kulturdepartementet
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Bergen kommune
Universitetet i Bergen
Høgskolen Stord/Haugesund
Norsk kulturskoleråd